

# REGULERINGSFØRESEGNER FOR

## Detaljreguleringsplan E16 Haugsvik – Slæn.

### Tilrettelegging for forsterka midtoppmerking.



Statens vegvesen

Dato: 13.12.2024

Nasjonal arealplan-ID: 4621\_2023002

## § 1 GENERELT

### §1.1 Føremål

Føremålet med reguleringsplanen er sikre areal for å betre samfunnstryggleiken på strekninga ved å utvide eksisterande veg for å tilrettelegge for forsterka midtoppmerking og etablere trygt sideterreng.

### §1.2 Avgrensing

Planen si avgrensing er synt på teikning R1 og R2. Plangrensa er synt på teikninga. Føresegnene gjeld for dei områda som ligg innanfor plangrensa.

### §1.3 Reguleringsføremål

1.3.1 Planen angir arealføremål i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) §12-5. Arealføremåla er synte i plankartet og planområdet har følgjande reguleringsføremål:

- KV – Køyreveg (annan eigarform)
- f\_KV – Køyreveg (felles)
- o\_KV – Køyreveg (offentleg føremål)
- AVG – Annan veggrunn, grøntareal (annan eigarform)
- o\_AVG – Annan veggrunn, grøntareal (offentleg føremål)
- o\_KA – Kollektivanlegg (offentleg føremål)
- o\_KH – Kollektivhaldeplass (offentleg føremål)
- o\_GS – Gang/sykkelveg (offentleg føremål)
- L – Landbruksføremål

Og følgjande omsynsoner:

- H140\_Frisikt
- H370\_Høgspentanlegg (inkl høgspentakblar)

1.3.2 Areal som skal vere offentlege er synt i reguleringsplankartet med kode o\_ framfor reguleringsføremålet. Areal med annan eigarform er areal som skal vere i privat eige.

## **§ 2 FELLESFØRESEGNER**

### **§ 2.1 Utforming PBL § 12–7 nr. 1**

2.1.1 Detaljering av veganlegget går fram av plan- og profildeikningane C001-C002.

2.1.2 Avkøyrslar frå riksvegen er synt i reguleringsplankart. Avkøyrslar og felles vegar som vert endra på grunn av veganlegget, skal opparbeidast i samsvar med planen innan veganlegget er ferdigstilt.

2.1.3 Murar og anna vegareal skal opparbeidast med utgangspunkt i dei løysingar som er synte i reguleringsplan. Det skal utarbeidast landskapsplan/ O-teikningar for tiltaket i prosjekteringsfasen. Desse skal vere førande for bygging og ferdigstilling av anlegget.

### **§ 2.2 Støy PBL § 12–7 nr. 3**

Prosjektet skal følge tilrådingane i retningslina for støy i arealplanlegging (T-1442) pkt 5.2.2 for endring og utbetring av eksisterande anlegg (Klima- og miljødepartementet, 2021) og Statens vegvesen sitt policynotat for handsaming av støy.

Det skal gjennomførast meir detaljerte støyberekningar i byggefase når detaljar rundt nytt veganlegget ligg føre.

### **§ 2.3 Kulturminne PBL § 12–7 nr. 2**

Dersom det under arbeid i planområdet vert avdekka kulturminne skal arbeidet stoppast i den utstrekninga det påverkar kulturminna eller sikringssonene deira på fem meter, frå kulturminnet sin ytterkant. Det er viktig at dei som utfører arbeidet i marka er gjort kjent med denne føresegna. Melding av funn skal straks sendast til Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur, idrett og inkludering, i samsvar med kulturminnelova § 8 andre ledd.

### **§2.4 Plan for Ytre miljø (YM-plan)**

Ytre miljøplan skal utarbeidast i samband med prosjektering av anlegget og inngå i konkurransegrunnlaget. YM-planen skal fylgjast opp i vidare planprosess, utbygging og drift. Ved utarbeiding av YM-plan skal punkta som er tekne med i planomtalen kapittel 10.3 følgjast opp (innspel til YM-plan).

### **§2.5 Rigg- og marksikringsplan (RM-plan)**

Rigg- og marksikringsplan skal utarbeidast i starten av prosjekteringsfasen. Område som ikkje skal berørast skal avmerkast i terrenget. Aktuelle omsyn er hekkeområder, dyrka mark, myrområder og eventuelle framande/uønska artar (kapittel 10.3 i planomtalen).

### **§ 2.6 ROS-analyse**

Risikotilhøve avdekka i ROS-analyse, jf kapittel 9 i planomtalen, skal ivaretakast i byggeplan og anleggsfase. Tiltak skal gjennomførast så langt det er naudsynt.

### **§ 2.7 Handsaming av matjord/topplag**

Lett tilgjengeleg topplag/matjord som ikkje er infisert av framande skadelege artar skal takast av og lagrast på ein slik måte at jorda seinare kan nyttast. Matjord leggest tilbake og

arronderast ut til grense for slått i områda der dyrka mark vert forstyrta av anleggsdrifta. Dersom det blir overskot av matjord, skal jorda nyttast til jordbruksføre mål primært innanfor plangrensa.

## **§ 2.8 Framande artar**

Ved bygging av prosjektet skal framande skadelege artar takast hand om, i tråd med forskrift og SVV-rapport-387.

## **§ 3 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR**

### **(plan- og bygningslova § 12–5 nr. 2)**

#### **§3.1 o\_KV Køyreveg, offentleg (2011)**

3.1.1 Offentleg køyreveg, O\_KV1, skal opparbeidast i samsvar med reguleringsplan, teikning R1-R2.

3.1.2 O\_KV3 og O\_KV\_4 er på- og avkøyringsmoglegheit for landbrukstrafikk mellom eigedomane 329/2 og 329/4. Det er ikkje løyve til å gjere inngrep i desse areala som skadar eller som endrar det offentlege vegarealet.

3.1.3 O\_KV6 er avkøyring til kommunal veg Brandsetvegen.

#### **§3.2 f\_KV Køyreveg, felles**

Felles køyreveg er private vegar som er felles for dei eigedomane som har tilkomst frå europavegen:

- f\_KV2 og f\_KV3 er private fellesavkøyringar til g/brn 328/1 og 329/1
- f\_KV8 er privat fellesavkøyrslar til g/brn 330/6, 330/7, 330/11, 330/15 og 330/18

#### **§3.3 KV\_Køyreveg, privat**

KV7 er privat avkøyrslar til eigedom 330/4.

#### **§3.4 o\_AVG Annan veggrunn – grøntareal, offentleg føremål (2019)**

3.4.1 Arealet er regulert til annan veggrunn som tilhøyrer veganlegget. Innanfor området er det løyve til å oppføre naudsynte tiltak for bygging, drift og vedlikehald av anlegget. Områda kan med anna nyttast til belysning, murar, rekkverk, stabiliserande tiltak, grøfter og skjærings- og fyllingskråningar. Annan veggrunn kan i anleggsperioden nyttast til riggområde, mellombelse anleggsvegar og mellombels massedeponi.

3.4.2 Det er ikkje løyve til å gjere inngrep i desse areala som skadar eller som endrar det offentlege vegarealet.

#### **§3.5 AVG Annan veggrunn – grøntareal, privat (2019)**

Arealet AVG\_10 er regulert til annan veggrunn for adkomstveg som er regulert for campingplassane Haugsvik camping og Hagatun camping i reguleringsplan Haugsvik camping (planid 4621\_12352018009).

### **§3.6 o\_KA Kollektivanlegg, offentlig føremål (2071)**

Kollektivanlegg skal opparbeidast med plassering og breidde slik det går fram av planteikningane. Ved nyanlegg skal kollektivanlegget vere universelt utforma.

### **§3.7 o\_KH Kollektivhaldeplass, offentlig føremål (2073)**

Kollektivhaldeplass skal opparbeidast med plassering og innanfor det arealet som går fram av planteikningane. Kollektivhaldeplassane skal opparbeidast med plassering og den breidde det går fram av planteikningane.

## **§ 4 LANDBRUKS, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDER SAMT REINDRIFT (LNFR) (plan- og bygningsloven §§ 12–5 nr. 5)**

### **§4.1 L\_ Landbruksformål (5110)**

Område regulert til landbruk, natur – og friluftsliv sikrar dagens bruk av områda.

## **§ 5 FØRESEGNAR TIL OMSYNSSONER (pbl.§§ 12–6, 7 og 11–8)**

### **§ 5.1 Sikringssoner, H140\_Frisikt**

I området mellom frisiktlinjene og køyreveggen skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 meter over nivået til dei tilstøytande vegane. Statens vegvesen kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna.

### **§ 5.2 Faresone H370 – Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenningskablar)**

Det er ikkje tillate med ny utbygging innanfor omsynsona. Alt anleggsarbeid og alle tiltak skal avklarast med leidningseigar.

## **§ 6 BESTEMMELSESOMRÅDE (plan- og bygningslova § 12–7)**

### **§ 6.1 # Mellombels anlegg- og riggområde**

§ 6.1 # Mellombels anlegg- og riggområde

6.1.1 Områda kan nyttast til verksemd som er naudsynt for gjennomføring av vegprosjektet, det gjeld mellombelse bygningar (brakker) og anlegg, riggområde og mellomlagring av material og massar m.m.

6.1.2 Mellomlagra massar innanfor anleggsområdet skal sikrast mot vassinntrenging og lagrast slik at avrenning til vassdrag vert unngått. Tiltak for å minimere og avgrense avrenning til vassdrag skal konkretiserast i YM-plan og ved utarbeiding av detaljert byggeplan.

6.1.3 Etter avslutta anlegg opphøyrer mellombels reguleringsføremål og arealet går over til føremål synt i planen.

6.1.4 Området skal ryddast og settast i den stand det var, revegeterast innan eit år etter at anlegget er ferdig. Revegetering skal skje naturleg eller med norsk frøblanding. Matjord som vert fjerna, skal sikrast etterbruk til jordbruksføremål.